

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 10.06.2021
SAKSHANDSAMAR: Marit Solheim og Guro Mjanger
SAKA GJELD: **Statusrapport om forskning i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2021/2272

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
22.06.2021

STYRESAK:
042/2021

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerende direktør sin statusrapport om forskning til vitende.

Oppsummering

Administrerende direktør legg med dette fram statusrapport om forskingsaktiviteten i Helse Førde. Ein utfyllande rapport lagt ved omfattar både rapportering på aktiviteten for 2020 og nokre punkt om kva vi har jobba med så langt i 2021.

Forskning er ei av kjerneoppgåvene til Helse Førde og eit sentralt satsingsområde for føretaket. Aktiviteten har vore relativt låg samanlikna med andre helseføretak tidlegare, men vi er no i gang med ei gradvis opptrapping både av ressursbruk og aktivitet.

Fakta

Forskingsaktiviteten i helseføretaka vert målt gjennom publikasjonspoeng, avlagde doktorgradar, deltaking i klinisk behandlingssforskning, midlar brukt til forskning på eige budsjett og eksternfinansierte forskingsmidlar. Føretaka rapporterer til ulike nasjonale organ på dette.

I 2020 publiserte tilsette i Helse Førde 33 vitenskaplege publikasjonar, og desse gjev 25 publikasjonspoeng for HFD. Både tal publikasjonar og publikasjonspoeng er på om lag same omfang som dei siste åra. 24 prosent av artiklane er på nivå 2, dette er om lag same andel som nasjonalt.


Kliniske behandlingssstudiar

Kliniske behandlingssstudiar er studiar som vert utførte på menneske, som undersøker verknader av legemiddel, andre behandlingssmetodar eller utstyr. Dei fleste kliniske behandlingssstudiar er legemiddelstudiar, som anten er initierte av forskarar eller av næringslivet. Det er eit nasjonalt mål å gje fleire pasientar høve til å delta i utprøvande behandling gjennom kliniske behandlingssstudiar¹.

Frå og med rapportering for 2019 har tal *nye inkluderte pasientar og tal studiar eit sjukehus koordinerer* inngått i den nasjonale indikatoren som gjev grunnlag for tildeling av forskingsmidlar frå HOD til RHFa. Desse gjev såkalla «KBS-poeng». Det er betydelege utfordringar knytt til datakvalitet i den nasjonale rapporteringa.

Figur 2 og 3 under viser tala på to område føretaka skulle rapportere for 2020.

¹ <https://www.cristin.no/behandlingsstudier/>




Figur 2. Tal nye inkluderte pasientar pr år i kliniske behandlingsstudiar i Helse Førde.



Figur 3. Tal REK-godkjende kliniske behandlingsstudiar i Helse Førde, 2017 - 2020

Data er henta frå rapporteringar i www.cristin.no, samt kartlegging hos lokale prosjektleiarar. Ein ser ein kraftig nedgang i 2019 og 2020. Hovudårsaka er at fleire pågåande studiar med betydeleg rekruttering avslutta inklusjon av nye pasientar i løpet av 2019, og det er ikkje starta opp nye som rekrutterer eit høgt tal deltakarar.

Midlar brukt til forskning



Figur 4. Midlar brukt til forskning i Helse Førde fordelt etter finansieringskjelder, 2012-2020, i kroner (Kjelde: HFD sine rapporteringar til NIFU og til Helse Vest) ²

I 2018, 2019 og 2020 har det vorte sett av friske midlar årleg til forskning på Helse Førde sitt budsjett. Det har vore auke i ope utlyste forskingsmidlar, HFD har finansiert sitt første ope utlyste PhD-stipend. Vidare er det auka ressursar til forskingsrettleiing og forskingsadministrativ støtte.

Tematiske forskingssatsingar i Helse Førde

Helse Førde har to tematiske forskingssatsingar; Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO) og Psykisk helse og rus (PHR). Gruppene er felles for Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet (HVL). Satsingane har gjennomgått eksternevaluering som tilrår ei vidareføring for fem nye år. Dei to eksisterande satsingane skal levere ein plan om vidareføring for 2022-2026, som skal vurderast av ein ekstern vitenskapleg komité.

Nokre oppsummerande punkt frå 2020:

Folkehelse, livsstil og overvekt	Psykisk helse og rus
16 vitenskaplege publikasjonar med forfattarar med Helse Førde-adresse	15 vitenskaplege publikasjonar med forfattarar med Helse Førde-adresse
18 medlemmer frå HFD, frå alle klinikkane samt stabsområde. I tillegg kjem forskarar frå HVL og assosierte frå andre institusjonar.	16 medlemmer frå HFD, Desse kjem frå Psykisk helsevern og stabsområde. I tillegg kjem forskarar frå HVL og assosierte medlemmer frå andre institusjonar
Tre doktorgradsstipendiatar, og tilslag på eit nytt postdoc-stipend	Fem doktorgradsstipendiatar og to postdoktorar
Ein disputas	Ein disputas

² Midlar frå eige budsjett frå 2018 og 2020 er estimat, sidan det ikkje vart gjort ei offisiell rapportering desse åra

Disputasar

Pål Andre Hegland disputerte 14. januar med avhandlinga "Patient-reported outcome measures in follow-up care after bariatric surgery". <https://www.uib.no/nye-doktorgrader/141549/clinisk-tilbakemeldingsystem-i-oppfoeljing-etter-fedmekirurgi>

Tone Larsen disputerte 28. april med avhandlinga "From increased user participation to co-creation leadership: An action research case study in public specialised mental health and substance abuseservices". Prosjektet har vore finansiert av HV, HFD og HVL. <https://www.uis.no/nb/forskning/disputas-tone-larsen>.

Anja Myhre Hjelle disputerte 17. juni med avhandlinga «Risk factors for fracture and fracture severity of the distal radius and ankle. – What about osteoporosis, celiac disease, and obesity.» <https://www.uib.no/nye-doktorgrader/145243/hvordan-forebygge-flere-beinbrudd>

Status søknader

Interne søknader: tilsette i HFD har samla sendt inn 19 søknader om forskingsmidlar til bruk i 2021. Dette omfattar opne midlar og midlar knytt til forskingssatsingane, samt ei eiga opa utlysing i januar 2021, grunna ekstra tildelte forskingsmidlar. Alle søknader som vart vurderte som støtteverdige, fekk tildelt midlar. Dette omfattar 16 søknader, og er fordelt på alle klinikkar utanom drift og eigedom. Sett over tid er det fleire legar som har søkt og fått tildelt midlar.

Søknader til Helse Vest: Til den årlege søknadsfristen om ope utlyste midlar i Helse Vest 15. september, vart det sendt inn fem søknader frå Helse Førde. To av søknadene vart vurderte som støtteverdige, men nådde ikkje opp i konkurransen om midlar. Alle søkjarane har fått tildelt interne midlar i HFD og har såleis sikra framdrift i prosjekta.

Kommentarar

I styringsdokumentet til Helse Førde for 2021 står det følgande om forskning:
Regjeringa lanserte i januar 2021 «Nasjon handlingsplan for kliniske studier 2021 -2025». Jamfør handlingsplanen er det eit mål at klinisk forskning skal vere ein integrert del av all pasientbehandling. (...)

Mål 2021:

- *Antal kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka som inkluderte pasientar i 2021 er auka med minst 15 pst. samanlikna med året før.*

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- *følge opp Nasjonal handlingsplan for kliniske studier 2021 – 2025*

- leggje til rette for meir samarbeid om kliniske studiar mellom helseføretaka i regionen
- auke talet kliniske studiar som vert koordinert frå regionen
- nytte felles infrastruktur for forskning til dømes innan biobank, datalagring og analyse

Helse Førde er starta med å byggje system, kompetanse og ressursar rundt kliniske behandlingsstudiar. Kreftavdelinga har auka personalressursen betydeleg gjennom tilsetting i engasjement.



Oppstart av IMPRESS-Norway³, ein stor og kompleks studie som mange avdelingar i HFD er involvert i, har medført eit omfattande internt arbeid og samarbeid. Nye tilsette er blitt involvert i kliniske studiar.

IMPRESS-Norway er ein stor nasjonal studie for utvikling av presisjonsmedisin innan kreftbehandling.

Klinisk behandlingssforskning er eit stort og komplekst område som krev samarbeid på tvers og må integrerast i den kliniske verksemda for å lukkast. Det vil verte ei eiga sak om temaet til hausten.

Konklusjon

Administrerande direktør legg med dette fram statusrapport for forskning.

Forskningsaktiviteten i 2020 og første halvdel av 2021 viser at vi veks både i form av ressursbruk og forskingsresultat. Forsking er eit sentralt satsingsområde for føretaket, ut frå at aktiviteten har vore relativt låg og dette er ei av kjerneoppgåvene til føretaket. Det vert difor lagt opp til ei gradvis opptrapping i åra framover.

Vedlegg:

1. Statusrapport forskning Helse Førde 1. halvår 2021
2. Årsrapport 2020 for strategisk forskingsinnsats folkehelse, livsstil og overvekt (FLO)
3. Årsrapport 2020 for strategisk forskingsinnsats psykisk helsevern og rus (PHR)
4. Oversyn over vitenskaplege publikasjonar 2020

³ <https://impressnorway.com/>